



## Saksprotokoll

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 07.10.2016

**Sak nr.:** 16/2566-20

**Internt l.nr.** 34072/16

**Sak:** 47/16

**Tittel:** Forvaltningsrevisjon - Anskaffing av advokat- og rådgjevingstenester i "Fjord1-saka"

**Behandling:**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av anskaffinga av advokat- og rådgjevingstenester i Fjord1-saka til etterretning.
2. Fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp der det vert lagt vekt på vurdering av rutinar, kompetanse, konkurranseutsetting og kontrollaktiviteter ved fylkeskommunale innkjøp i forhold til gjeldande lov- og regelverk.

**Endringsframlegg som kom fram i møtet:**

Nytt punkt 2:

Etter gjennomgang og vurdering av opplysningar i saka opp mot reglane for offentlege anskaffingar er det Fylkestinget si vurdering at Sogn og Fjordane fylkeskommune, ved fylkesrådmannen, har kjøpt tenester frå både DHT og Wiersholm utan at reglane for offentlege innkjøp er følgt. Fylkestinget meiner at dei overordna føresegnene i Lov om offentlege anskaffingar §5 er broten i 6 av 7 tilfelle, og at brot på forskrift om offentlege anskaffingar, og gjennom dette ulovleg direkteanskaffing, er gjennomført ved engasjering av Wiersholm i samband med «Juridisk bistand med lovlegkontroll, jf. kommuneloven § 59»

Opphavleg punkt 2 vert nytt punkt 3.

**Avrøysting:**

Tilrådinga i tillegg til endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av anskaffinga av advokat- og rådgjevingstenester i Fjord1-saka til etterretning.
2. Etter gjennomgang og vurdering av opplysningar i saka opp mot reglane for offentlege anskaffingar er det Fylkestinget si vurdering at Sogn og Fjordane fylkeskommune, ved

fylkesrådmannen, har kjøpt tenester frå både DHT og Wiersholm utan at reglane for offentlige innkjøp er følgt. Fylkestinget meiner at dei overordna føresegnene i Lov om offentlege anskaffingar §5 er broten i 6 av 7 tilfelle, og at brot på forskrift om offentlege anskaffingar, og gjennom dette ulovleg direkteanskaffing, er gjennomført ved engasjering av Wiersholm i samband med «Juridisk bistand med lovlegkontroll, jf. kommuneloven § 59»

3. Fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp der det vert lagt vekt på vurdering av rutinar, kompetanse, konkurranseutsetting og kontrollaktiviteter ved fylkeskommunale innkjøp i forhold til gjeldande lov- og regelverk.